

EØS-ORGANER

EØS-KOMITEEN

KOMMISJONSVEDTAK

2010/EØS/67/01

av 31. mai 2006

om utpeiking av fellesskapsreferanselaboratoriet for munn- og klauvsjuka(*)

[meldt under nummeret K(2006) 2069]

(2006/393/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2003/85/EF av 29. september 2003 om fellesskapstiltak for å bekjempe munn- og klovsyke, om oppheving av direktiv 85/511/EØF og vedtak 89/531/EØF og 91/665/EØF, og om endring av direktiv 92/46/EØF⁽¹⁾, særleg artikkel 69 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I direktiv 2003/85/EF er det fastsett at det skal peikast ut eit fellesskapsreferanselaboratorium for munn- og klauvsjuka. Kommisjonen har, i nært samarbeid med medlemsstatane, lyst ut ei tilbodsinnbyding for utveljing av eit fellesskapsreferanselaboratorium, samstundes som det vert teke omsyn til krava om teknisk og vitskapleg kompetanse og den faglege kunnskapen til dei tilsette.
- 2) Det vart òg teke omsyn til tilleggskrava for utpeiking av offisielle laboratorium slik det er fastsett i artikkel 12 nr. 4 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 882/2004 av 29. april 2004 om offentlig kontroll for å sikre at førvare- og næringsmiddelregelverket samt bestemmelsene om dyrs helse og velferd overholdes⁽²⁾.
- 3) Framgangsmåten for utveljing er no avslutta, og som følge av dette bør det utpeikte laboratoriet, Institute for Animal Health, Pirbright Laboratory, som er finansiert av

Biotechnology and Biological Sciences Research Council (BBSRC), peikast ut som fellesskapsreferanselaboratorium for munn- og klauvsjuka for eit tidsrom på fem år.

- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

1. Institute for Animal Health, Pirbright Laboratory, som er ein del av Biotechnology and Biological Sciences Research Council (BBSRC) i Det sameinte kongeriket, vert utpeikt som fellesskapsreferanselaboratorium for munn- og klauvsjuka for eit tidsrom på fem år rekna frå den datoen då dette vedtaket vert kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

2. Vedlegg XVI til direktiv 2003/85/EF inneheld dei føresegnene som er nemnde i nr. 1 om funksjonane og oppgåvene til fellesskapsreferanselaboratoriet.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 31. mai 2006.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 152 av 7.6.2006, s. 31, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 72/2007 av 6. juli 2007 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 60, 13.12.2007, s. 1.

⁽¹⁾ TEU L 306 av 22.11.2003, s. 1. Direktivet endra ved kommisjonsvedtak 2005/615/EF (TEU L 213 av 18.8.2005, s. 14).

⁽²⁾ TEU L 165 av 30.4.2004, s. 1, retta ved TEU L 191 av 28.5.2004, s. 1. Forordninga endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 776/2006 (TEU L 136 av 24.5.2006, s. 3).